

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 16/3261-1

## **Petroleumsrådet - suppleringsval for valperioden 2015 - 2019**

**... Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Følgjande vert valde som medlemmer i petroleumsrådet

.....  
 .....

**... Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

## **SAKSFRAMSTILLING**

Petroleumsrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova § 10. Det følgjer av lova at vala ligg til fylkestinget.

Reglement for petroleumsrådet vart endra i FT-sak 49/15. I same sak vart «dei politiske medlemene» valde. Desse er fylkesordførar Jenny Følling (leiar), Flora-ordførar Ola Teigen (nestleiar), fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes, medlem i hovudutval for næring og kultur Anne Lilleaasen og Gulen-ordførar Hallvard Oppedal.

Etter vedtektene kan rådet ha inntil sju medlemmer, der det kan veljast «inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa».

Petroleumsrådet har hatt sine første møte og har konkludert med at dei ønskjer å supplere rådet med slik fagkompetanse. To kandidatar er kontakta, og desse har sagt seg viljuge til å delta. Desse er Erling Sande og Asgeir Øvrebotten.

Erling Sande er fødd (1978) og oppvaksen i Bremanger. Han har m.a. sete to periodar på Stortinget (2005-09 og 2009-13). Han har der vore både medlem og seinare leiar av Energi- og miljøkomitéen. Sande arbeider no som konserndirektør strategi og utvikling i SFE.

Asgeir Øvrebotten er fødd (1964) og oppvaksen i Florø. Han har 16 års erfaring med logistikk og prosjektleiing frå ulike nivå i Noreg og utlandet. Som logistikksjef har han sidan 2005 leia planlegging og operasjonar for AGR Petroleum Services. Selskapet har m.a. levert boretenester til fleire operatørselskap på norsk sokkel gjennom såkalla riggkonsortium. Tidlegare har han m.a. arbeidd i Saga Fjordbase AS. Grunna situasjonen i bransjen er han no i marknaden for ny jobb.

Fylkesrådmannen ser på begge desse personane som gode kandidatar, men innstiller ikkje på at desse vert valde. Eg viser her til vanleg praksis i denne type saker.

**... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑**